

---

**Fra:** Reidar Furelid <rfurelid@yahoo.com>  
**Sendt:** tirsdag 1. januar 2019 23.24  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Emne:** Skogsbilvegen Kleivdal-Halsteindal.

Til **SKOGANSVARLEG** i Lindås kommune.

Gjeld prosjekt vøling av skogsbilvegen Kleivdal-Halsteindal.

Eg har no teke til med den vøla som *LENGE* har vore naudsynt. Og vi har venta og venta på at den etterlengta sørvisen frå landbrukskontoret skulle tre i funksjon! Men naudsynte treff der eigaren av Halsteindalen og skulle møta,- har vorte utsette og utsette.

Eg er svært redd for å provosera nokon, i alle høve i utrensmål, og har difor bede NGIR senda rekning på dei innkjøpte massane til *meg*. Eg brukar *og* av eigne massar. Sunn fornuft og vanleg folkeskikk, - bør tilseia at dei som etter relativt klare reglar har plikt til det gjera opp for seg,- betalar for utlegga! Her bed ein og om sørvis frå landbrukskontoret (=fagfolka)! Eg tek no berre det mest naudsynte. Ei større oppjustering er gjerne aktuell. Det må ein eventuelt koma attende til. - Men korleis få alle partar med på det?? Kanskje det kan bli noko krevjande?

Litt repetisjon: - Det er *tre* skogeigarar som har frakta ut store mengder tømmer på relativt kort tid for no over eitt år sidan! Og *alle* partane bør betala *sin del* av skaden.

Fleire stader vart det lange "slagholer". Og nokre stader vart vegen skeiv,- der vegen gav meir etter på den eine sida i høve til den andre. - Ein stad heilt sør, ved kneiken der, har vegen fått eit søkk,- som er eit problem når ein køyrer bil med boggihengar. Det har vorte ei "vagging" når ein køyrer traktor og stundom nærmar ein seg taket når hola kjem bust på! Med vanleg personbil har det vore å køyra litt i sik-sak og freista unngå å vera nedi. Likevel har eit eksosanlegg vorte skada.

Store delar av vegen ligg på duk over myr med pukkmassar frå Sløvåg over. Det er såleis lett å skjønna kva som gjer at skadane fordeler seg som dei gjer.

Vøla krev mildver og vermessige forhold elles som gjer det *mogeleg* å få til ei vøle,- som i alle høve ordnar *dei verste* stadane. No var tolmodet oppbrukt og noko *MÅTTE* gjerast!

Eg jobbar innimellom ein del med vegane våre i eigen skog. Har difor 14-tonnsmaskinen min der i skogen no. Difor vert det ein del ferdslar for oss på den felles skogsbilvegen. Den beste måten å "testa" ein veg på er å køyra den!

Eg har følgd vegen og bruken der sidan 1998/1999. *Då* brukte vi den som tilkomst ved rydding av traseen til vår påkoplingsveg. Køyringa vår (=Agnar Gausereide og underteikna) har vore med traktor, tildels med hengar, og vanlege bilar,- tildels med boggihengar. Vi har ikkje hatt noko tungtransport der til no. Vegen *var* faktisk stort sett i akseptabel stand, frå vi tok den avtalte vøla i samband med at vi på Gausereide vart medeigarar,- og til den store transporten no frå Kleivdal, Christensen og garden i Halsteindalen.

Diverre seier noverande grunneigar at "Slik vi ser det er det per i dag ikkje behov for utbetringar på denne vegen,- og det er ikkje aktuelt for oss med utlegg for vedlikehald".

- Eg meiner ein etter slike "vurderingar" må ha lov å be om *hjelp av fagfolk* så det kan bli ei råd med *realitetsorienteringa!*

Eg har faktisk ganske stor forståing for at skogansvarleg ved landbrukskontoret har freista orientera seg i retning av at fylket kanskje kunne koma inn med støtte / tilskot / til nyopprusting av vegen. Det gjeld ikkje berre vegbana,- men og kantvegetasjonen som kan vera plageleg. Særleg med snø på greinene! Behovet nærmast "skrik" ein i møte. - Men her ser ein at "den offentlige kvern maler langsamt",- og då får ein altså ta det grøvste no. Så får vi håpa at rettferda skjer fyldest økonomisk!

Som bede om før: Kan landbrukskontoret sin skogansvarlege syta for at partane i vegen kjem saman og *også* drøftar seg fram til fornya reglar.? - *DET* skulle vore gjort for fleire år sidan! (*No* er det vel stabilitet i eigarskapet i Halsteindalen,- skulle eg tru?)

Det burde vera enkelt å *stadfesta* at denne eposten er motteken?

Med vennleg helsing Reidar Furelid